

Aktivitetsplan 2008 - 09

Dato	Arrangement	Komite
3. - 5. okt	Øvingshelg	
26. okt	Basar	
13. - 15. nov	S. og Fj.mestersk.	Komite - styret
21. des	Julekonsert	TPM arrangerer
27. des	Juletefest	
3. jan	Nyttårskonsert	Komite - styre
23. - 25. jan	Gruppeøving NM	Musikkutval
30. - 31. jan	Øvingshelg NM	Musikkutval
3. - 5. feb	NM Bergen	Musikkutval - styre
5. - 7. juni	TPM-turhelg	Styre
4.- 6. sep.	Stormfestival-09	Komite - styre

Hugsar du denne?

Det var ikkje fritt for at eg sperra augo opp då eg hamna bak denne bilen i sommar.

Det var på ferjekaia på Solevågen at denne bilen stod føre meg i køen. Både nummeret og automatic var kjent. Trur bestemt at denne Volkswagen har vore no avdøde Johan Våge i Vågsvåg sin bil. Meinar dette var ein 1973 modell. Den såg ut til å ha det godt. EW



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss Loddrett:

1. Fuglebolig
2. Renne
3. Nyvasket
4. Lik

Vannrett:

1. Kun
5. De 7 dagene
6. Vask

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag

NM-mester-2008



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Pr. 7

15. årgang

Laussal: Gratis

September 2008

Drøm i engelsk versjon



(Foto: Fjordenes Tidende)

Torskangerpoll Musikklag fekk mykje skryt etter framføringa av "Ut med havet"-oppsettinga under The Tall Ships' Races.

I nydeleg veir og med god lyd, så vart det ei flott stund på hovudscena på Torget. Jan Otto Hoddevik gjorde ein fantastisk jobb som opplesar av teksten som var oversett til engelsk for anledinga av dottera til tekstforfattar Rolf Losnegård.

Idar Torskangerpoll var dirigent og solistane Eirik Gjerdevik og Anette Marie Lund Torskangerpoll var også med.



(Foto: Fjordenes Tidende)

www.torskangerpoll.no



Eit år med musikk

Dei er neimen ikkje kvar dag at fire frå same korps kjem til Manger Folkehøgskule. Det seier rektor ved Manger Folkehøgskule, Geir Rydland.

Det blir eit år med full musikk for desse fire torskangerpollarane som er på plass på Manger Folkehøgskule.

Søndag starta Eirik Knotten Halsen, Silje Bergh Eide, Joakim Rønhovde og Thomas Wåge på denne skulen der mange musikarar har fått sin start.

Dei første dagane har gått perfekt, seier pressetalsmann for dei fire torskangerpollarane på folkehøgskulen som ligg nord for Bergen..

- Det er mykje musikk, både eigen-trening og speling i ensemble, masse god mat, biljard, fotball og sosiale treff, seier talsmannen. Dessutan har alle fått tilbod om å vere med i andre korps i bergensregionen. Alle seier dei kjem til å reise heim å vere med i Tpoll det dei kan.



Ka æ ka 2:

- Messe: Kirke for militære.
 - Polygon: En mann som har flere koner.
 - Sjekk: Arabisk høvding, som deler ut penger til de fattige.
 - Skjelett: Et menneske som ikke har særlig mye kjøtt på beina.
 - Taktikk: Det motsatte av Tikk-Takk.
 - Trigonometri: Når en kvinne gifter seg med tre menn på en gang.
 - Vind: En lyd som kommer fra mennesker og dyr, den velter trær og skorsteinspiper.
 - Vitaminer: Små sunne dyr som klatrer omkring i salaten
- Hilsen Brettern*

- Rydd notemappa

Oppmodinga kjem frå dirigent Lisbeth Våge. Noteutvalet har hatt møte, og har plukka ut musikk som skal brukast på ulike arrangement. Lisbeth seier det er alle sitt ansvar å skaffe seg kopiar av sine stemmer, og at notemappa er så komplett

som muleg. Det sparar alle for ventetid på øvingane, og dermed kan øvingane bli endå meir effektive og fruktbare



Fleire nye fjes i haust

Så er Torskangerpoll Musikklag i gang med del to av sesongen 2008. Første øving var tysdag 19. august - og der dukka det opp mange nye musikantar.

Det kan bli ein spennande haust og vinter med mange nye musikantar. Sjølv om nokon av dei som har vore faste reiser bort på skule, militære og jobb, så er det mange nye unge musikantar som har dukka opp i haust.

Og det som var minst like gledeleg var at dei ikkje tok "skrekken" i første øvinga,

men at dei også møtte opp på den andre øvinga. Dei nye musikantane er Yvonne Silden, Katrine Knotten Halsen, Kristine Sjøstad,

Kristina Fernandez. Desse kjem frå skulekorpsa i Holvik og Skram. I tillegg er William Mittei og Marthe Kvalheim med igjen. Den habile trommeslagaren har spelt med oss i fleire år tidlegare, men er no tilbake etter nokre års pause. Han og Anders samarbeider fint. I oktober skal Anders og Nikolas i Garden. Dirigent Lisbeth Våge seier det er kjekt med mange nye. Ho seier at det kan bli aktuelt å vurdere justering på ulike instrumentgrupper. Ho håpar imidlertid at så mange som muleg blir med i ein sesong der det blir m.a. fylkesmeisterskap og NM.

